

Nærings- og handelsdepartementet □
Einar Gerhardsens plass 1
Oslo

Gjeld: Fråsegn til Tenestedirektivet

Voss Nei til EU vil på det sterkaste be regjeringa om å utsette vedtak om Norge skal tiltre det såkalla Tenestedirektivet frå EU. Sidan det grip inn i så store deler av det økonomiske livet og vedkjem fleirtalet av arbeidstakarane, ventar vi ei stor konsekvensutgreiing med påfølgjande høyring og ordskifte. Særlig må administrative og politiske nivå i kommunar og fylke få høve til å sette seg skikkeleg inn i saka, då desse vil få mykje med direktivet å gjere, både som hovudprodusentar av tenester her til lands og fordi lokale nivå truleg får noko å gjere med den praktiske gjennomføringa av direktivet.

Vi vil her kort peike på nokre vesentlege grunnar til slik utsetting.

1. Høyringsfrist og legitimitet

Debatten om dette direktivet har rett nok pågått i fleire år både i EU og Norge. Men i si noverande form vart det først endeleg vedteke i EU (Rådet) 11. desember 2006. Næringsdepartementet sende det så på høyring 22. desember med to månaders frist. Det endelege direktivet er noko endra i høve til det opphavelige framlegget frå 2004 (Bolkestein). Ikkje minst derfor trengst det tid til grundig analyse av og debatt om verknadene av eit så omfattande og djuptgripande regelverk. Det er viktig for beslutningstakarane i Storting og regjering. Men det er ikkje mindre naudsynt for legitimiteten til heile EØS-avtalen at breie miljø i kommunal- og regionalpolitikk, næringsliv, arbeidstakarorganisasjonar, andre interessegrupper og folk flest får skikkeleg kjennskap til innhald og konsekvensar av direktivet og dei reelle alternativa til norsk tilslutning til dette. Spørsmålet om veto må utgreiast spesielt.

2. Den suverent største og dynamisk veksande økonomiske sektoren

Alt for om lag 40 år sidan gjekk tenesteyting forbi industri her til lands, målt både i verdiskaping og sysselsetting. I EU reknar ein med at denne sektoren står for 70 prosent av BNP. Tenestedirektivet vil såleis ha innverknad på størstedelen av dei økonomiske transaksjonane i moderne samfunn av vår type. Det vil prinsippielt omfatte tre av fire arbeidstakarar og det aller meste av den kunnskapsbaserte nyskapinga som m.a. Norge satsar på.

3. Uklart regelverk og tilhøvet til nasjonal lovgjeving

I sin form er direktivet ordrikt og inneheld mange reglar som først vert klargjorte gjennom praktisk bruk. Dette er ein del av slike såkalla dynamiske regelverk. EU - domstolen vil med sine avgjerder i siste instans skape den rettstilstanden skal gjelde. "Lovens ånd" må her ofte nyttast som rettskjelde i mangel på klare paragrafar. EU er tufta på traktatar som alle siktar mot fri rørsle av varer, kapital, arbeidskraft og tenester. Dei atterhald som tykkjest vere tekne slik at omsyn til helse eller andre generelle samfunnsinteresser gjev høve til å skjerme visse typar verksemd frå fri konkurranse, er høgst uklare. I alle fall er det ikkje opp til norsk politikk eller norsk rett å avgjerde dette.

Dette tilhøvet talar i høgste grad for ei grundig utgreiing av konsekvensane av Tenestedirektivet, ikkje minst fordi det i prinsippet omfattar store sektorar som helse og utdanning, der norske kommunar og fylke tradisjonelt har hatt ei sterkt styrande hand.

4. Sosial dumping

Alt med gjeldande reglar har vi fått uverdige tilhøve i norsk arbeidsliv, med lønningar som er i ferd med å undergrave grunnlaget for rekruttering av norsk arbeidskraft til ei rekke yrke, og dermed fagmiljø og faglege standardar. På lengre sikt kan denne utviklinga truge fundamentet for den norske velferdsstaten. Med den store skilnaden i økonomisk utvikling særleg mellom dei nye EU-landa i Aust-Europa og Norge, er det all grunn til å stoppe opp og vurdere følgjene av å ta inn den suverent største økonomiske sektoren i samfunnet i den frie flyten.

5. Miljø, helse, tryggleik og forbrukarrettar

Voss Nei til EU fryktar at norske reglar for miljø, helse og tryggleik kan bli tilsidesette av Tenestedirektivet. Vi vil og peike på dei delane av direktivet som tek sikte på å avvikle nasjonale reglar for konsesjon, sertifisering og andre måtar å stille krav både til firma og einskildpersonar som skal drive næringsverksemd. Vi meiner og at forbrukarrettar blir svekka ved at det blir større rom for useriøse aktørar som det vert vanskeleg å spore og stille til ansvar ved reklamasjon o.l.

6. Faglege rettार

Alt med noverande regelverk opplever deler av fagrørsla at deira hundreårige kamp for faglege rettार som organisasjonsfridom, tariffavtalar og rett til informasjon er i ferd med å bli undergravne. Ei velorganisert og aktiv fagrørslе er ein av hovupillarane i norsk arbeidsliv og i vidare forstand heile vår velferdsmodell. Organisasjonsprosenten i snitt for EU-landa er langt lågare enn i Norge. Det bør ikkje vere eit mål for ei raud-grøn regjering å tiltre eit direktiv med uoverskodelige konsekvensar for den rolla fagrørsla kan spele i framtida.

7. Kontroll og byråkrati

I takt med auken av fri konkuransе innan alle samfunnssektorar aukar trongen for offentlege kontrollinstansar som i ettertid skal påsjå at gjeldande reglar vert overhaldne. Slik offentlig kontroll kan likevel aldri bli så effektiv som ein sterk og aktiv fagorganisasjon på den einskilde arbeidsplassen. Handlingsrommet for dei offentlege kontrolltiltaka vil og vere innsnevra og vanskeleggjort av at den endelege tolkinga av regelverket vil ligge utanfor lokal eller nasjonal juristiksjon.

Prinsippielt vil Voss Nei til EU også peike på det uheldige ved dei enorme byråkratiske ressursane som vert bundne til tolking av eit stadig meir omfattande regelverk generelt og krava til tilbodsspesifikasjon og bodrundar for nær sagt alle typar verksemd, også det vi her til lands har reknar som vitale deler av offentlig infrastruktur.

Konklusjon

Voss Nei til EU har merka seg formuleringane i Soria Moria-fråsegna om at Norges tilhøve til EU skulle vurderast konkret og kritisk og ikkje ha preg av automatisk og einseitig tilpassing. Tenestedirektivet er ei sak der regjeringa kan vise dette i praksis. Vert denne saka køyrt kjapt og administrativt fram til vedtak, skaper det ytterlegare avstand mellom styrande og styrte og sementerer dermed oppfatninga i folket av EU og EØS som eliteprosjekt, upåverka av reelt demokratiske prosessar. Uavhengig av syn på norsk medlemskap i EU vil dette vere ein konsekvens ingen kan vere tent med.

Så langt vi kjenner til, har medlemslanda i EU og EØS tre år på seg til å implementere Tenestedirektivet i nasjonal lovgjeving. Det er såleis tid til å lage ei skikkeleg konsekvensanalyse av dette direktivet og opne for ein brei og djup debatt. Her viser vi til vedtaket i LO-sekretariatet i november 2006, og ei rad fagforbund som enten alt har sagt nei til Tenestedirektivet i si noverande form, eller har bede om ei utgreiing av konsekvensane av direktivet før dei vil ta endeleg stilling.

for Voss Nei til EU

Alf Jansen
Sigurd Solberg